



Stad:  
Bergen

Dato:  
02.11.2021

Vår ref. (oppgi ved svar):  
2020/4055

Dykkar ref.:  
Rolf Bjarne Sund

KINN SENTRALADMINISTRASJON MÅLØY  
Postboks 294  
6701 Måløy

Sakshandsamar::  
Britt Solheim

## Rapport frå inspeksjon ved Kinn kommune 30.9.2021

Kontrollnummer: 2021.394.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Rolf Bjarne Sund  
Frode Ellingsrud  
Rune Kristiansen  
Jan Helge Espeseth  
Håvard Solheim

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Anette Heggøy  
Ragnhild Austbø Kjønsoy  
Britt Solheim

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon med Kinn kommune for avløpsanlegga i det tettbygde området Flora/Brandsøy den 30. september 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg, dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken. Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Kinn kommune er i brot med krav i forureiningsforskrifta
- Verknadsgrad for leidningsnettet er ikkje dokumentert
- Akkreditert prøvetaking manglar for slamavskiljarar som i følge løyvet skal vidareførast

#### Merknader:

- Risikovurdering for avløpssektoren bør oppdaterast
- Resultata frå resipientgranskinga i 2018 er ikkje registrerte i Vannmiljø

Britt Solheim  
senioringeniør

Anette Heggøy  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> KINN SENTRALADMINISTRASJON MÅLØY	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974573210	<b>Eigd av:</b> 974781654
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Avløpsanlegg i det tettbygde området Florø/Brandsøy	<b>Anleggsnr.:</b> 4602.0052.01
<b>Kommune:</b> Kinn	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avløpsnett og -rensing	
<b>Løyve gitt:</b> 7. juni 2016	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova vert etterlevd. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin landsdekkande tilsynsaksjon for avløpsanlegg i større tettbygde område i 2021. Inspeksjonen gjeld alle avløpsanlegg i det tettbygde området Florø/Brandsøy større enn 50 personekvivalentar, pe

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Organisering av avløp i kommunen
- Planar og styringsdokument
- Drift og vedlikehald
- Utsleppskontroll
- Overløp
- Risikovurdering
- Avvikshandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Kinn kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at kommunen innan

**31. desember 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta, eventuelt ein plan som visar korleis ein vil rette avvika.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing om korleis merknad 1 er vurdert, eventuelt korleis han vil bli følgd opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

### 4. Pålegg om opplysningar

Kinn kommune må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland innan **31. desember 2021** :

- Utgreiing om tiltak som skal gjennomførast for å stette krav i løyvet av 7. juni 2016. Derunder plan for når akkreditert prøvetaking vil bli gjennomført, dersom slamavskiljarar skal vidareførast for å oppnå primærreinsing
- Oppdatert godkjend framdriftsplan for å ferdigstille avløpsreinseanlegga med tilhøyrande plan for tilkopling til anlegga

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

#### Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast **3 dagar** etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

### 5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 1. september 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Kinn kommune betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

## **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## **6. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no)

## **7. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1**

Kinn kommune er i brot med krav i forureiningsforskrifta

#### **Avvik frå:**

- Forureiningsforskrifta § 14-17
- Utsleppsløyvet av 7. juni 2016
- Forureiningslova § 7

#### **Kommentarar:**

Kinn kommune har ikkje oppnådd kravet om primærreinsing i det tettbygde området Florø/Brandsøy. Statsforvaltaren ga 7. juni 2016, nytt løyve til Kinn kommune. Det blei gjort med bakgrunn av Florø kommune sin framdriftsplan av 19. desember 2014.

Forureiningsforskrifta § 14-17 seier at ved utslepp til mindre følsamt område, kunne Statsforvaltaren utsette fristen for oppgradering gitt i første ledd bokstav b. Fristen var 31. desember 2008. Fristen kunne utsetjast, men ikkje lenger enn til 31. desember 2015.

Kommunen som forureinar har ei sjølvstendig tiltaksplikt etter forureiningslova § 7 til å rette opp i ulovlege tilhøve så snart som råd.

#### **Avviket byggjer på følgjande:**

Gjeldande løyve er framleis gyldig, bortsett frå fristane som er gitt for oppgradering etter 31. desember 2015.

Fram til Kinn kommune har utbeta avløpstilhøva, er kommunen i brot med forureiningsforskrifta og forureiningslova § 7, som viser til kommunens tiltaksplikt.

## **Avvik 2**

Verknadsgrad for leidningsnettet er ikkje dokumentert

### **Avvik frå:**

Utsleppsløyvet av 6. juni 2016, punkt 3.3.4

### **Kommentarar:**

Verknadsgraden til avløpsnettet, det vil seie forholdet mellom mengde forureining som vert tilført anlegget og mengde som kjem fram til anlegget, skal dokumenterast. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap blir utrekna eller vurderte kvalitativt. Frist i løyvet for dokumentasjon av verknadsgraden var 31. desember 2017.

### **Avviket byggjer på følgjande:**

Ved tilsynet blei det opplyst at Kinn kommune ikkje hadde denne dokumentasjonen på plass.

## **Avvik 3**

Akkreditert prøvetaking manglar for slamavskiljarar som i følge løyvet skal vidareførast

### **Avvik frå:**

- Utsleppsløyvet punkt 3.5.2
- Forureiningsforskrifta § 14-10 og § 14-11

### **Kommentarar:**

Forureiningsforskrifta har krav om at utforming av reinseanlegg skal vere slik at det kan takast representative prøver av det tilførte avløpsvatnet og av reinsa avløpsvatn. Det skal også vere mogleg å ta målingar av mengde avløpsvatn, jf. § 14-10.

Verksemder som utfører prøvetaking, derunder konservering, skal frå 31. desember 2008 vere akkreditert for prøvetakinga, eller ha eit tilsvarande kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ei kvalifisert nøytral instans, jf. § 14-11.

I utsleppsløyvet er det krav om at akkreditert prøvetaking skal gjennomførast for anlegga som skal vidareførast. Fristane er gitt etter 31. desember 2015 og gjelder difor ikkje lenger.

### **Avviket byggjer på følgjande:**

Ingen av slamavskiljarane som ifølge løyvet skal vidareførast, er oppgradert med utstyr for å kunne gjennomføre akkreditert prøvetaking. I følge framdriftsplan for stetting av reinsekrav, skal 20 utslepp reduserast til 6 utslepp. I dag er Stranda RA akkreditert for prøvetaking og Kanalen RA vil vere akkreditert våren 2022, men ingen av slamavskiljarane er ombygde og godkjende for akkreditert prøvetaking.

Det blei opplyst ved tilsynet at kommunen er på etterskot med å dokumentere om slamavskiljarane oppnår reinsekravet i løyvet; primærreinsing. Ein prøve er teke av slamavskiljaren ved Sørstranda RA, men prøvetakinga er ikkje akkreditert. Sjølv om det kan sjå ut som om slamavskiljaren oppnår reinsekrava, må både talet på prøver og kravet om akkreditert prøvetaking vere oppnådd.

## 8. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

### Merknad 1

Risikovurdering for avløpssektoren bør oppdaterast

#### Kommentarar:

Kinn kommune har tatt i bruk nytt overordna internkontrollsystem Compilo for heile kommunen. Her finn ein kommunen sine prosedyrar, instruksar og rutinar for avløpsområdet. Risikovurderinga for avløpssektoren blir også registrert her, men kommunen er ikkje heilt i mål med oppdateringa.

### Merknad 2

Resultata frå resipientgranskinga i 2018 er ikkje registrerte i Vannmiljø

#### Kommentarar:

Statsforvaltaren har fått tilsendt utkast til rapport frå resipientgranskingar utført i 2018. Endelege overvakingsresultat er ikkje registrert i Vannmiljø og dermed heller ikkje å finne i Vann-nett som hentar sine data frå Vannmiljødatabasen.

## 9. Andre forhold

I tettstaden Florø/Brandsøy er det i dag to reinseanlegg basert på bruk av sil, Kanalen RA og Stranda RA som oppnår primærreinsing. Kanalen er dimensjonert for 10 000 pe og Stranda for 8 000 pe. Kravet er at alle utslepp i tettstaden større enn 50 pe som skal vidareførast, må oppnå primærreinsing.

Dei siste åra har kommunen jobba mykje med tilsyn, oppfølging og sanering av private anlegg. I alt 130 prosjekt er i gong innan vatn og avløp. I perioden 2014 til 2021 er det lagt avløpsleidningar med samla grøftelengde på 12625 m. I tillegg er det lagt 759 m sjøleidningar og elleve pumpestasjonar er bygt.

På bakgrunn av tidlegare resipientgranskingar har kommunen starta sanering av utslepp i området ved skipsverftet Westcon Yard AS. Ny resipientgransking skal skje i 2022. I kommunen sin økonomiplan er det også teke med sanering av leidningsnett og overføring av avløpsvatnet til Kanalen RA for området nordvest for flyplassen. Utslepp frå slamavskiljar på Sørstrand skal fortrinnsvis overførast til Kanalen RA. Avløp frå Brandsøy skal også til Kanalen. Arbeidet er starta opp.

I kommunens arealplan er det sett av areal til bygging av nytt avløpsreinseanlegg i Gunnhildvågen. Avløpsvatn frå områda aust for Kanalen RA, som ikkje blir ført til Kanalen, er tenkt ført til dette nye anlegget.

Kommunen er i ferd med å gå bort frå planane om to nye avløpsreinseanlegg og vidareføring av fire slamavskiljarar som reinseløysing for det tettbygde området. Kommunen vil i ny hovudplan legge til grunn at alle kommunale slamavskiljarar skal sanerast, og at alt avløpsvatn frå utslepp over 50 pe skal førast til reinseanlegg.

## **Planar**

Det er avgjort politisk at Kinn kommune skal oppdatere Hovudplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2025. Arbeidet skal starte opp i 2021. Det må til for å endre planane etter krav i forureiningsforskrifta kapittel 14. Arbeidet med planen skal gjennomførast av ei intern arbeidsgruppe, i tillegg til å leie inn ekstern bistand. Kommunen vil ikkje søkje om sekundærreinsing i første omgang, men areal er avsett dersom det er trong for å utvide anlegga for sekundærreinsing.

Kommunen har også ein klima-, miljø- og berekraftsplan på høyring.

## **Primærreinsing og fristar for å oppnå primærreinskravet**

I brev 20. mai 2020 frå Miljødirektoratet om fristar for å oppnå primærreinsing, blir Statsforvaltaren bedd om å sørgje for at kommunen gjer ei tiltaksvurdering for avløp omfatta av kapittel 14 i avløpsforskrifta, og at denne blir følgt opp.

I løyvet av 6. juni 2016 blei det gitt lengre fristar for bygging av nye avløpsreisanlegg og infrastruktur enn det som følgjer av føresegnene i forureiningsforskrifta der siste frist er 31. desember 2015. Miljødirektoratet peikar på at frå 1. januar 2016 har ikkje Statsforvaltaren hatt grunnlag for å gje utsett frist for primærreinsing med heimel i § 14-17 andre ledd.

Fylkesmannen i Vestland sendte Kinn kommune varsel om endring av løyvet for avløpsanlegga i det tettbygde området Florø/ Brandsøy den 5. august 2020. Vi viste til at fristane, som er gitt i løyvet utover 31. desember 2015, ikkje er rettskraftige, fordi dei ikkje er i samsvar med fristane i forureiningsforskrifta. Kommunen må sende inn oppdatert framdriftsplan for oppfyljing av reinsekrava, jf. pålegg i punkt 4.

Statsforvaltaren skal deretter endre utsleppsløyvet for det tettbygde området Florø/Brandsøy.

## **Vidare utbygging i tettstaden**

Før tilstrekkeleg oppsamlings- og reinseløysing er etablert i samsvar med krav i forskrifta, kan ikkje Miljødirektoratet sjå at det er grunnlag for å utvide utslepp av avløpsvatn i tettstaden, jf. brev av 5. mai 2020. Utbygging av nye bustad- eller hytteområde over 50 pe i tettstaden vil vere i strid med løyvet. Utbygging av nye bustadområde vil heller ikkje vere lov etter plan- og bygningslova § 27-2, så lenge avløpstilhøva ikkje er sikra og handtert i samsvar med forureiningslova.

## **Plan- og bygningslova**

Plan- og bygningslova § 27-2 har krav om at:

- «Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortledning av avløpsvann være sikret og i samsvar med forurensningsloven».

Kommunen kan dermed ikkje kople til nye utslepp i tettstaden utan at avløpstilhøva er i samsvar med krav i utsleppsløyvet.

Ved utbygging innafor tettstaden, før dei nye avløpsreinseanlegga er i drift, må nye midlertidige utslepp oppnå primærreinsing før påslepp til eksisterande avløpsanlegg med tilstrekkeleg hydraulisk kapasitet.

I brev 18. august 2021 frå Miljødirektoratet til Statsforvaltaren i Agder, med svar på spørsmål om ulovlege forhold ved avløpsanlegg frå tettstadar, er det mellom anna vist til at ut frå omsynet til forureiningstilhøva, er det viktig at det blir iverksett tiltak for å rette opp i tilhøva og om nødvendig iverksette, midlertidige avbøtande tiltak. Kommunen som forureinar har ein sjølvstendig tiltaksplikt etter § 7 i forureiningslova til å rette opp i ulovlege forhold så snart som mogleg.

Kommunen kan gje eit rammeløyve og starte byggeprosessen før avløpsløyvinga er utbetra, dersom utbetring faktisk skjer og bygningane ikkje blir knytt til avløpsnettet før nettet har stor nok kapasitet. Dersom dei nye bygningane blir tatt i bruk før utbetringa har skjedd, vil det vere i strid med forureiningslova.

Dersom kommunen gjer løyve til eit enkelt hus med separat avløpsanlegg, som oppfyller kapittel 12 i forureiningsforskrifta, og dette ikkje fører til at meir septikslam blir tilført kommunen sitt anlegg, er ikkje det i strid med forureiningslova. Derimot vil det vere i strid med tilknytingsplikta etter plan- og bygningslova § 27-2 andre ledd, dersom kommunen gjev slike løyve til eigedommar som har plikt til tilknytning til offentleg nett.

Kinn kommune opplyser at dei no strammar inn fristar og prioriterer avløp, fordi fristane i forskrifta er gått ut.

## 10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagt dokumentasjon som blei nytta for å verifisere faktiske forhold:

- Organisasjonskart
- Beskriving om reinseanlegga Kanalen, Stranda og kommunale slamavskilljarar
- Hovudplan for vassforsyning og avløp 2017-2025
- Handlingsplan avløp 2016-2025
- Avvikssystem med eksempel på avviksrapporter
- Oversikt over dokument i internkontrollen
- VA-planar
- Oversikt over målesystem for utsleppskontroll for anlegg, pumpestasjonar og overløp på leidningsnettet